



MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

Utval sak	Utval	Møtedato
79/18	Formannskapet	07.11.2018

Vedlegg:

- 1) Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
- 2) Partsbrev vedr. budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid i Fitjar dagsett 02.10.18
- 3) Søknad om kommunal støtte frå Fitjar sokn dagsett 12.10.18
- 4) Fylkesmannen i Hordaland «Statsbudsjettet 2019 – kommuneopplegget» dagsett 08.10.18
- 5) Budsjett 2019 for Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum dagsett 02.10.18
- 6) Sunnhordland interkommunale legevakt IKS – økonomiplan / kommunetilskot 2019 - 2022 dagsett 01.10.18
- 7) Orientering om oppdragsavtalar og eigartilskot til Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS dagsett 03.09.2018
- 8) Utbetring av tilhøve for brannstasjon – internt notat dagsett 29.10.18

Detaljbudsjett er å finna på kommunen si budsjettside.

Bakgrunn:

Rådmannen presenterer sitt framlegg til budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2021.

Administrasjonen set opp eiga side på heimesidene til kommunen til budsjettet. Sida vert oppdatert etter kvart som ny politisk handsaming og uttalar kjem til.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet sender rådmannen sitt forslag til «Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsråd for uttale.

Formannskapet handsamar saka endeleg 05.12.18 og legg den deretter til offentleg høyring.

Kommunestyret handsamar saka 19.12.18.

Behandling i Formannskapet - 07.11.2018:

Formannskapet drøfta saka.

Representanten Arne Prestbø (H) la føre følgjande tillegg til framlegget, til slutt i første avsnitt: *og evt. omprioriteringar.*

Formannskapet ynskjer at møtet 05.12.18 skal byrja kl 12:00.

Detaljbudsjettet vart delt ut på papir, og sendt til medlemene på iPad i møtet.

Ved røysting fekk framlegg med tillegg frå representanten Prestbø (H) 5 røyster.
Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster, og fall.
Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet sender rådmannen sitt forslag til «Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsråd for uttale, og evt omprioriteringar.

Formannskapet handsamar saka endeleg 05.12.18 og legg den deretter til offentleg høyring.

Kommunestyret handsamar saka 19.12.18.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.